


Informasjon om heimeskole

På grunn av koronasmitte er skolar i Noreg stengde. Sjølv om skolane er stengde, har ikkje undervisninga stoppa. At skolane er stengde, betyr at lærarar og myndigheitene i Noreg må finne andre måtar elevane kan ha undervisning på. Elevar i Noreg skal ikkje miste undervisning på grunn av at dei ikkje kan møte kvarandre på skolen.

Kva er heimeskole?

Heimeskole betyr at elevane skal få undervisning mens dei er heime. Det er skolen og lærarane som har ansvaret for at elevane får undervisning og oppgåver. Skolen skal ha kontakt med elevane og sørge for at dei veit kva dei skal gjøre og korleis dei skal gjøre det.



Korleis blir heimeskole gjennomført?

Det er forskjellig frå skole til skole og lærar til lærar korleis undervisninga blir gjennomført, og elevane kan få forskjellige oppgåver. Nokre lærarar snakkar med elevane ved hjelp av ulike program på pc, nettbrett eller per telefon. Det er ikkje sikkert læraren kan snakke med alle elevane kvar dag, da får dei beskjed om dagens skolearbeid på e-post eller på andre måtar.


Kvifor går nokon på skolen sjølv om den er stengd?

Sjølv om skolane er stengde for dei fleste, er det likevel nokon av dei yngste elevane som får lov til å gå på skolen. Dette er barn som har føresette som arbeider i verksemder med kritiske og viktige samfunnsfunksjonar. Føresette må avklare dette med skolen.



Når kan elevane komme tilbake på skolen?

Det er regjeringa som bestemmer når skolane skal opne igjen. Dei har bestemt at det er dei yngste elevane som får komme tilbake først. Det vil bli laga reglar om korleis elevane kan vere saman i klasseromma, friminutta og på eventuelle andre stader undervisninga finn stad, som for eksempel på uteskole. Reglane skal forhindre at elevar og tilsette smittar kvarandre. Skolen skal informere foreldra om når og korleis elevane kan komme tilbake på skolen.



Korleis kan elevane halde kontakten med skolen og klassekameratar når dei ikkje møter kvarandre kvar dag?

Nå som elevane ikkje treffer venane sine like mykje som før, kan dei ta i bruk digitale verktøy for å halde kontakten med kvarandre, for det er hyggeleg å sjå kvarandre sjølv om skolane er stengde. Det er viktig at elevane møter opp når læraren har undervisning over telefon, pc eller nettbrett, slik at dei får nødvendig oppfølging frå læraren.

Les meir på helsenorge.no om gradvis opning av skolar på fleire språk

<https://helsenorge.no/koronavirus/informasjon-pa-andre-sprak>